



## MØTEBOK

### Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021

Utval sak	Utval	Møtedato
77/17	Formannskapet	06.12.2017
	Kommunestyret	20.12.2017

#### Vedlegg:

- 1) Budsjettavtale på Stortinget mellom H, Frp, V og KrF dagsett 22. november
- 2) Notat frå KS dagsett 24. november, m/vedlegg
- 3) Rådmannen sine innspel til budsjettet
- 4) Uttale frå Råd for funksjonshemma i Fitjar i høve budsjettforslag 2018, m/vedlegg
- 5) FAU Selevik skule: Innlegg til budsjett forslag for Fitjar Kommune 2018 og økonomiplan 2018-2021 frå FAU Selevik» dagsett 27. november
- 6) SU Øvrebygda skule: «Brev om budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 frå samarbeidsutvalet ved Øvrebygda skule» dagsett 22. november
- 7) Referat frå møte i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet ved Rimbareid barne- og ungdomsskule den 14. november
- 8) Uttale frå Klubben ved Rimbareid skule november 2017
- 9) FAU Øvrebygda skule: «Innlegg til budsjett forslag for Fitjar Kommune 2018 og økonomiplan 2018-2021» dagsett 14. november
- 10) «Utgreiing av konkurranseutsetjing av reinhald – førebels vurdering»
- 11) «Notat – utgreiing av moglegheit til å redusere kostnader med fysioterapeutenesta og erstatte den med ergoterapi»

#### Utrykte vedlegg:

- 1) Sak 67/17 i formannskapet - Budsjett2018 og økonomiplan 2018 – 2021 - 15.11
- 2) Sak 107/17 i utval for plan og miljø – Budsjett for plan og miljø – 23.11
- 3) Sak 108/17 i utval for plan og miljø – Sakshandsamingsgebyr 2018 – 23.11
- 4) Sak 109/17 i utval for plan og miljø – Eigedomsavgifter 2018 – 23.11
- 5) Sak 51/17 i utval for oppvekst og omsorg – Budsjett 2018 – oppvekst og omsorg – 28.11

#### Bakgrunn:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 vart presentert i formannskapet 31. oktober, og endeleg lagt fram i møtet 15. november.

Formannskapet handsama budsjettet i møtet 15. november, og gjorde slikt vedtak:

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan styrka drifta, særleg med tanke på balansen i langtidsplanen (forbetra resultat). Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak innafor eige budsjett. Ein ber administrasjonen ved plan og miljø om ei utgreiing av konkurranseutsetjing av m.a. reinhald. Ein ber administrasjonen ved oppvekst og omsorg om ei utgreiing av fysioterapitenesta for om mogeleg å ta ned kostnader, dette for å koma ned på KOSTRA-snittet i vår kommunegruppe. Også med tanke på krav om ergoterapeut frå 2020.

Utval for plan og miljø handsama saka 23. november, og gjorde følgjande vedtak:

Utval for plan og miljø kan ikkje sjå at Fitjar kommune er stor nok til å få noko effekt av å privatisera reinhaldstenesta. Me vil heller oppmoda om å gjera vår eigen reinhaldsavdeling betre og gjera den konkurransedyktig for framtida.

Utvalet vil gjera nødvendige grep innan sjølvkostområde.

Utval for oppvekst og omsorg handsama saka 28. november og stemte over to framlegg, med slikt vedtak:

**Representanten Harald Rydland (KrF)** kom med slikt framlegg på vegne av Krf, Sp og Ap.

Denne uttalen har som utgangspunkt at inntektsnivået i budsjettet vert minst like høgt som i rådmannen sitt framlegg. Utvalet ynskjer at dei forholda som vert kommentert nedanfor får merksemd i det vidare arbeidet med budsjettet.

Skule og oppvekst

I rådmannen sitt framlegg er det føresett at det skal gjerast innsparing i skulebudsjettet frå hausten 2018. Innsparinga skal gjennomførast m.a. ved å flytta 7.-klassen frå Øvrebygda til Rimbareid, samt å ha berre ein andreklasse på Rimbareid. Utvalet meiner desse tiltaka ikkje bør iverksetjast i 2018-budsjettet.

Kommunen har ein skulebruksplan som går ut 2018. Kommunestyret bør i løpet av 2018 fastsetja skulestrukturen for dei kommande åra gjennom ein ny skulebruksplan og leggja endringar som måtte komma av dette inn i budsjett og langtidsplan frå 2019 og framover.

Stortinget kjem i statsbudsjettet til å fatta vedtak om ei ny norm for kor mange elevar/lærarar det skal vera i kvar klasse. Utvalet forventar at dette vert følgt opp med løyvingar som gjer kommunen i stand til å halda seg innafor norma.

Helse og omsorg

Utvalet vil peika på nokre forhold der ein bør sjå på evt. endringar i budsjettet for helse og omsorg.

Rådmannen peikar på at Fitjar, i forhold til andre kommunar, brukar meir ressursar på fysioterapi. Utvalet ynskjer å få greie på om det er noko som tilseier at det må vera slik, eller om dette er eit område der kommunen kan gjera forsvarlege innsparingar. Økonomiske konsekvensar av å eigne tilsette fysioterapeutar i forhold til fysioterapeutar med driftstilskot må og greiast ut.

Utvalet ser at det i 2017 er teke i bruk meir ressursar til administrasjon på helseområdet enn tidlegare, utan at kommunen si verksemd på dette området har fått større omfang. Prioritering av ressursar mellom administrasjon og direkte tjenesteyting er noko utvalet vil ha merksemd på i budsjettarbeidet.

Det er komme uromeldingar for at heimetenestene i rådmannen sitt budsjettframlegg få reduksjon i bemanninga. Utvalet ynskjer at kommunestyret i det endelege budsjettet finn løysingar som gjer at ressursane i heimetenestene vert prioritert til dei områda der behovet er størst.

Dersom det skulle komma til forhold som gjer at føresetnader for rådmannen sitt budsjett vert endra fram til kommunestyremøte i desember, vil medlemane i utvalet ta dette med seg i budsjettarbeidet etter kvart som det måtte verta kjent.

**Representanten Terje Træet (H)** kom med slikt framlegg på vegne av H Høgre ønskjer ikkje å auka eigedomsskatten i Fitjar, men å holde den på dagens nivå

Me ønskjer å sjå på skulebruksplanen tidleg i 2018 for å sjå på langsiktige innsparingar.

Når det gjeld flytting av 7. klasse frå Øvrebygda til Rimbareid og å samla 2. klasse på Rimbareid til ei klasse vil me avventa dette til dei økonomiske konsekvensane er klarlagd.

**Røysting:**

Framlegg frå Harald Rydland på vegne av Krf, Sp og Ap fekk 3 røyster.  
Framlegg frå Terje Træet på vegne av H fekk 2 røyster og fall.

**Vedtak: (3 (Krf, Sp og Ap) mot 2 H))**

Denne uttalen har som utgangspunkt at inntektsnivået i budsjettet vert minst like høgt som i rådmannen sitt framlegg. Utvalet ynskjer at dei forholda som vert kommentert nedanfor får merksemd i det vidare arbeidet med budsjettet.

**Skule og oppvekst**

I rådmannen sitt framlegg er det føresett at det skal gjerast innsparing i skulebudsjettet frå hausten 2018. Innsparinga skal gjennomførast m.a. ved å flytta 7.-klassen frå Øvrebygda til Rimbareid, samt å ha berre ein andreklasse på Rimbareid. Utvalet meiner desse tiltaka ikkje bør iverksetjast i 2018-budsjettet.

Kommunen har ein skulebruksplan som går ut 2018. Kommunestyret bør i løpet av 2018 fastsetja skulestrukturen for dei kommande åra gjennom ein ny skulebruksplan og leggja endringar som måtte komma av dette inn i budsjett og langtidsplan frå 2019 og framover.

Stortinget kjem i statsbudsjettet til å fatta vedtak om ei ny norm for kor mange elevar/lærarar det skal vera i kvar klasse. Utvalet forventar at dette vert følgt opp med løyvingar som gjer kommunen i stand til å halda seg innafor norma.

**Helse og omsorg**

Utvalet vil peika på nokre forhold der ein bør sjå på evt. endringar i budsjettet for helse og omsorg.

Rådmannen peikar på at Fitjar, i forhold til andre kommunar, brukar meir ressursar på fysioterapi. Utvalet ynskjer å få greie på om det er noko som tilseier at det må vera slik, eller om dette er eit område der kommunen kan gjera forsvarlege innsparingar. Økonomiske konsekvensar av å eigne tilsette fysioterapeutar i forhold til fysioterapeutar med driftstilskot må og greiast ut.

Utvalet ser at det i 2017 er teke i bruk meir ressursar til administrasjon på helseområdet enn tidlegare, utan at kommunen si verksemd på dette området har fått større omfang. Prioritering av ressursar mellom administrasjon og direkte tjenesteyting er noko utvalet vil ha merksemd på i budsjettarbeidet.

Det er komme uromeldingar for at heimetenestene i rådmannen sitt budsjettframlegg få reduksjon i bemanninga. Utvalet ynskjer at kommunestyret i det endelege budsjettet finn løysingar som gjer at ressursane i heimetenestene vert prioritert til dei områda der behovet er størst.

Dersom det skulle komma til forhold som gjer at føresetnader for rådmannen sitt budsjett vert endra fram til kommunestyremøte i desember, vil medlemmane i utvalet ta dette med seg i budsjettarbeidet etter kvart som det måtte verta kjent.

Råd for funksjonshemma sin uttale er vedlagt.

Eldrerådet skal ha møte 3. desember. Uttale vil bli lagt fram i møte.

Undomsrådet skal ha møte i veke 49.

Andre innkomne uttalar er vedlagt saka.

**Saksopplysingar:**

22. november inngjekk H, Frp, V og Krf budsjettavtale på stortinget. Avtalen er presentert som ei oppstilling av ei rekke punkt med endringar til statsbudsjettet (vedlagt). Bemanningsnorm i skulen var det omstridte punktet. Det er sagt lite om kva krav reforma stiller til kommunane, og finansiering av denne. Regjeringa skal utreie konsekvensar fram mot revidert nasjonalbudsjett i mai. Førebels er det ikkje lagt inn midlar til kommunane, men 200 mill. er lagt til kunnskapsdepartementet.

Kommunenes sentralforbund la fram eit notat om budsjettavtalen 24. november (vedlagt), der dei forsøker å fordela midlar til kvar einskild kommune ut frå tidlegare nytta kostnadsnøklar. Dei opplyser at denne fordelinga er usikker.

Vidare handsaming av budsjettet i stortinget kan gje utdjupande informasjon om saker som er relevante for Fitjar sitt budsjett. Innstillinga frå finanskomiteen skal m.a. seia noko om kompensasjonsordning for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr. Viktige datoar i stortinget sitt budsjettarbeid:

Finanskomiteen (salderingsdebatt):

Innstilling 30. november

Handsaming 4. desember

Dei ulike departementa handsamar deretter sine budsjett innanfor sine rammer.

Kommunal- og forvaltningskomiteen:

Innstilling 11. desember

Handsaming 18. desember

Utdannings- og forskningskomiteen:

Innstilling 12. desember

Handsaming 19. desember

Rådmannen har utarbeida eit notat om ny informasjon som er komme til etter presentasjonen av hans framlegg (vedlegg).

### **Presisering av premisser i Rådmannen sitt framlegg:**

#### Gebyr og avgifter:

- a. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2018 og likninga for 2017 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
- b. Endringar i kommunale avgifter for vass, kloakk, brannsyn og feiing og tilsyn med fyringsanlegg går fram av eiga sak.
- c. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Fellesråd (ingen endring frå 2017):
  - a. Festeavgift per år 200,-
  - b. Reservering av grav 4 000,-
  - c. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem 3 000,-
  - d. Gravlegging utanbygds, kistegrav 7 000,-
  - e. Gravlegging utanbygds, umegrav 3 000,-
- d. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2017.
- e. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
- f. Betalingssats for SFO vert auka med 2,6 % i høve til 2017.
- g. Betalingssats for kulturskulen vert uendra i høve til 2016.
- h. Kjøp av mat frå sjukeheimen aukar om lag med 3,0 % i høve til 2017.
- i. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring aukar om lag med 3,0 % i høve til 2017.
- j. Vederlag for opphald i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingsats i Fitjar bu- og behandlingssenter vert fastsett til kr 93 619,- per måned / kr 3.120,- per døgn.
- k. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2018.
- l. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:
  - a. 187.204,- for små born med full plass
  - b. 89.086,- for store born med full plass
  - c. 2 214,- for små born for ekstra bemanning
  - d. 1 230,- for store born for ekstra bemanning
  - e. Dei nasjonale satsane for kapitaltilskot er
    - i. Byggeår til og med 2009 kr 9 200,-
    - ii. 2010-2012 kr 15 700,-
    - iii. 2013-2015 kr 18 500,-
    - iv. 2016-2018 kr 22 500,-

#### Eigedomsskatt:

I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2018:

- a. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen

- b. Eigedomsskattesatsen vert sett til 6 promille for verk og bruk og anna næringseigedom, 3,0 promille for andre faste eigedommar med bygningar og 0 promille for ubygde eigedomar.
- c. For bustaddel av eigedommar, inkludert fritidseigedommar, som ikkje nyttast til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 200.000,- av takstverdi.
- d. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedommar ha fritak:
  - I. Prestegarden (huset), FKIB AS, Havnauset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fjellheim Friluftsbarnehage, Bakken barnehage og Årskog barnehage.
- e. I samsvar med eigedomsskattelova §7b er bygning av historisk verdi – definert som bygning registrert i SEFRAK – gjeve fritak. Tidlegare gjevne fritak vert oppheva om eigdommen kjem inn under dette vedtaket.
- f. Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 5 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt. For 2018 gjeld dette bustadar som er tatt i bruk 2013 - 2017.
- g. Eigedomsskatten skal for 2018 betalast i fire terminar.
- h. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter i "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" vedteke 19. desember 2012.

#### Låneopptak:

- a. Det vert teke opp nye lån på inntil kr 29 020 000,- til investeringsføremål i 2018.

#### Fond:

- a. Det vert vedteke å nytta følgjande fond til finansiering av driftsbudsjettet 2018:
  - I. 100 000,- frå velferdsfond sjukeheimen
  - II. 65 549,- frå museumsfondet
  - III. 503 420,- til vassfondet (må avstemmast med eigen sak)
  - IV. 369 577,- frå kloakkfondet (må avstemmast med eigen sak)
  - V. 46 502,- frå vassdirektivet
  - VI. 200 000,- frå fondsmidlar frå Bufdir
- b. Det vert vedteke å setja av følgjande til driftsfond i 2018:
  - I. 93 148,- til fond for oppmåling
- c. Inntekter og kostnader med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

#### Driftstilskot

Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- |                                 |                |
|---------------------------------|----------------|
| a. Fitjar Kyrkjelege Fellesråd  | kr 2 460 000,- |
| b. Andre livs- og trdomssamfunn | kr 190 180,-   |
| c. Fitjar Frivilligsentral      | kr 637 000,-   |
| d. TV-aksjonen                  | kr 7 000,-     |
| e. Norsk Landbruksrågiving      | kr 30 000,-    |

Eining for Kultur får fullmakt til å disponera kr 82.700,- til tilskot lag og organisasjonar og tilskot fritid- og kulturaktivitetar (i tillegg til 47.500,- i faste tilskot til 17. mai, flagging og Polentur).

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021, med følgjande endringar:

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 på høyring i perioden 6. til 20. desember.

#### **Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:**

##### Delt ut i møtet:

Notat frå rådmannen: Finans og skatt

Innlegg frå FAU ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Innspeil frå foreldra i 1a og 1b ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Innspeil frå elevrådet på mellomtrinnet ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Innspel frå Fitjar eldreråd

Uttale frå foreldregruppa i 6b ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Notat frå rektor ved Øvrebygda skule: Om mat & helse 6. klasse Øvrebygda skule

Rådmann Atle Tornes orienterte om endringar av føresetnader i budsjettet etter sist møte. Formannskapet drøfta saka.

Representanten Arne Prestbø (H) la på vegne av H og AP føre framlegg til endring av budsjettet, og kommenterte dette. Det vert ikkje lagt føre innspel til investeringsbudsjettet i denne omgang.

Protokolltilførsel frå KRF:

KrF legger ikke frem eget budsjettforslag i dag. Det hefter stor usikkerhet rundt innføring av lærernorm og de økonomiske konsekvensene av dette. Fitjar KrF vil frem mot kommunestyremøte 20. desember arbeide frem et budsjett som bl.a. forsøker å unngå sammenslåing av 2. klasse ved Rimbareid og flytting av 7. klasse fra Øvrebygda.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til budsjett, med endringar frå H og AP. Framlegget fekk 4 røyster (H, AP og FRP) mot 1 røyst (KRF).

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 på høyring i perioden 6. til 20. desember.

### Tilråding til kommunestyret: 4 røyster (H, AP og FRP) mot 1 røyst (KRF)

Kommunestyret vedtar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021, med følgjande endringar:

BUDSJETT 2018	LANGTIDSBUDSJETT				
	2018	2019	2020	2021	
<b>Resultat rådmannens budsjett</b>	<b>1 435 842</b>	<b>2 722 225</b>	<b>2 144</b>	<b>-3 393 246</b>	766 965
Ikkje auke eigedomsskatten	-1 000 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	
Ikkje slå saman 2. klasse	-265 000	-663 000	-663 000	-663 000	
Mat i politiske møter	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	
Reiseliv - auke 5 kr. Pr. innb.	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	
Auka kai-inntekt Aarskog - større aktivitet		140 000	140 000	140 000	
Auka eigedomsskatt næring- auka aktivitet			300 000	300 000	
Skulebruksplan 2018 - innsparingspotensiale ukjent			1 500 000	3 000 000	
Sosialhjelp - berre auka til 600 000	200 000				
Finans - bankavtale på anbud	200 000	200 000	200 000	200 000	
Leige 1 ekstra sjukeheimplass til Stord midt 2018 - midt 2019	500 000	450 000			
Næringsarbeid - til 100 000	100 000				
<b>RÅDMANN NOTAT:</b>					
Notat vedk. diverse budsjettforlik	163 000	163 000	163 000	163 000	

Eigedomsskatt nett - budsjettforlik		920 000	920 000	920 000	
Tilskot private barnehager	-80 000				
Barnehageopptak Stord kommune	-230 000				
Vikarlege (rekruttering 2017)	-210 000				
Overlapp rådmann	-103 000				
<b>Resultat etter endring</b>	<b>680 842</b>	<b>2 902 225</b>	<b>532 144</b>	<b>-1 363 246</b>	<b>2 751 965</b>

Atle Tornes  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*